


**Jordvernstrategi for
Møre og Romsdal**



**FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL**

www.fylkesmannen.no



Innhald

| | Side |
|---|------|
| Innleiing | 3 |
| 1. Nasjonale mål og strategiar | 4 |
| 2. Regionale føringar | 6 |
| 3. Status for landbruket i Møre og Romsdal | 7 |
| 4. Hovudmål | 10 |
| 5. Hovudutfordringar for Møre og Romsdal | 11 |
| 6. Tiltak | 12 |
| 7. Gjennomføring av strategien Roller og forventningar | 14 |

Alle bileta er bearbeidd av Jostein Fuglset
Omslagsfoto frå Vestnesbukta, foto Jørn Kjersheim
T.h.: Ytre Fræna mot Hustadvika, foto: Jørn Kjersheim
T.v.:Farstad, Fræna i uvær, foto: Jørn Kjersheim

Innleiing

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal behandla og vedtok jordvernstrategi for Møre og Romsdal 22. mai 2007.

Med bakgrunn i fylkeslandbruksstyret sin vedtekne strategiplan har landbruksavdelinga ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal forsøkt å oppdatere og tilpasse innhaldet i jordvernstrategien for 2012.


Fylkesmannen ynskjer å vidareføre det formål som fylkeslandbruksstyret vedtok i 2007:

«Formålet med strategiplanen er å synleggjere fylkeslandbruksstyret sine strategiar innafor

virkeområdet til plan- og bygningslova og landbruket sine særlover. Strategiplanen skal ligge til grunn ved behandling av saker i fylkeslandbruksstyret, og gi signal til kommunane kva regionalt nivå legg vekt på.

Strategiplanen søker å knytte utfordringane for Møre og Romsdal saman med dei landbrukspolitiske satsingane på nasjonalt nivå. Fylkeslandbruksstyret vil ha fokus på landbruket sine produksjonsareal, jordvern, kulturlandskap, busetting og ei samla arealforvaltning.»

Fylkesmannen vil legge stor vekt på strategien og oppfordrar kommunane til å gjere det same.



1. Nasjonale mål og strategiar

Mat- og landbrukspolitikken har fokus på det multifunksjonelle landbruket. Den skal sikre trygge matvarer og fremme mangfald og forbrukaromsyn med grunnlag i eit berekraftig, utviklingsorientert og markedsbasert landbruk. Det er eit mål å utnytte potensialet for auka verdiskaping og å medvirke til skape levande bygder med høg produksjon av fellesgode (St.prp. nr. 1 (2003-2004)).

Kulturlandskap er eit slikt fellesgode. Det er eit uttalt mål å oppretthalde eit ope og variert kulturlandskap med biologisk mangfald og kulturminne, som gir rom for opplevingar og rekreasjon. Innan 2010 skal spesielt verdifulle kulturlandskap kartleggast, og det skal settast i verk tiltak for å ivareta og skjømte desse områda (St.prp. nr 1 (2005-2006)). Ei verdiklassifisering av produksjonsgrunnlaget for jord- og skogbruksareala vil gi betre grunnlag for ein langsiktig og heilskapleg arealforvaltning.

Det har lenge vore fokus på jordvern. I Stortingsmelding nr. 29 (1996-1997) *Regional planlegging og arealpolitikk* og i rikspolitiske retningslinjer for areal- og transportplanlegging (RPR-ATP) blir det lagt vekt på å ivareta samanhengande jordbruksareal i dei beste klimasonene og med den beste jordkvaliteten. Dette blir underbygt vidare i Stortingsmelding nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon*, der det blir lagt auka vekt på areal som ein avgrensa ressurs.

I Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* signaliserer regjeringa at dei jordressursar som har potensial for matkornproduksjon, skal disponerast på ein slik måte at ein tar omsyn til framtidige generasjonar sine behov.

Nedbyggingsfarta er likevel stor: Over ein million dekar dyrka og dyrkbar jord er omdisponert dei siste 50 åra. Det er grunn til å tru at det blir bygd ned om lag 20 000 dekar dyrka og dyrkbar jord i Norge årleg. Det er særleg bustadbygging, næringsformål og vegutbygging som tar store areal. Størst press er det på sentrumsnære areal.

Dersom vi held fram med å bygge ned dei beste areala i same tempo som før, vil vi om 40 år ha bygd ned 50 % av matkornarealet. Med tanke på kommande generasjonar må ein legge føre-var-prinsippet til grunn, og utforme ein arealpolitikk som kan møte framtidige svingningar i den globale matsituasjonen. Jordsmonndannande prosessar skjer langsamt. Jordressursane må derfor sjåast som ein avgrensa, ikkje-fornybar ressurs – og forvaltast i eit langsiktig perspektiv. Her er det vesentleg å huske at berre 3 % av Noreg sitt



areal er jordbruksareal. Dette svarer til om lag 2,1 dekar per innbyggjar, og er relativt lite både i europeisk og global målestokk.

Ei målsetning om at nedbyggingstakta for dyrka og dyrkbar jord skal halverast innan 2010 blei derfor lansert i St.prp. nr. 1 (2004-2005) og blir vidareført i St.prp. nr. 1 (2005-2006) og presisert i St.prp. nr. 1 (2006-2007). Bodskalet er også klart formidla i *Jordvernbreve*t frå landbruks- og matminister Riis-Johansen og miljøvernminister Bjørnøy av 21.02.2006. Det er lagt opp til ein meir aktiv nærings- og busettingspolitikk på landbrukseigedomar der garden først og fremst nyttast som buplass, og som grunnlag for anna næringsverksemd. Samstundes skal det leggest til rette for ei utvikling mot større eigedomar som grunnlag for meir effektiv landbruks- og tenesteproduksjon.

Det skal satsast på auka bruk av landbruket og bygdene sine ressurser i innlandet. Dette krev nytenking innafor område som reiseliv, mat, bruk av utmarksressursar og utnytting av kulturverdiane. Det skal satsast på Landbruk Pluss.

Vidare nemnast St.mld. nr. 26 (2006-2007) om regjeringa sin miljøpolitikk og riket sin miljøtilstand, som kom i starten av mai 2007. Her står i punkt 5.3.2 at regjeringa vil halvere den årlege omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane innan 2010, stimulere til utpeiking av kjerneområde landbruk som grunnlag for kommunale planavklaringar, bruk av langsiktige jordverngrenser mot byar og tettstader i regionale planprosessar og arbeide for redusert avgang dyrkamark i samband med samferdsletiltak.

Avslutningsvis kan nemnast St.mld. nr. 9 (2011-2012) om regjeringa sin landbruks- og

matpolitikk, som kom i desember 2011. I punkt 9.9.3 står det at regjeringa vil vidareføre jordvernmålsettinga. Frå punkt 9.9.4 kan nemnast at regjeringa også ynskjer å styrkje jordvernet i arealplanlegginga. Med heimel i ny plan- og bygningslov frå 2009 skal Kongen kvart fjerde år utarbeide nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. I det første forventingsdokumentet som ble vedtatt i juni 2011 heiter det at:

«Regjeringa forventer at fylkeskommunene og kommunene tar hensyn til landbruksarealer og kulturlandskapet, og bidrar til at de nasjonale jordvernmålene nås ved å begrense omdisponering av de mest verdifulle jordressursene og redusere oppsplitting av viktige arealer fylkeskommunene og kommunene bidrar til å hindre nedbygging av verdifulle landbruks-, natur- og friluftsområder. Regionale planer bør angi verdifulle landbruksarealer og gjennom langsiktige utbyggingsstrategier trekke klare grenser mot jordbruksarealer og overordnet grønstruktur.»



2. Regionale føringar

Fylkesplanen 2009-2012

Fylkesplanen fokuserer på eit fåtals satsingsområde med klart definerte målsettingar. Desse satsingsområda skal følgjast opp med handlingsprogram, utarbeidd i partnerskap med eksterne aktørar. Satsingsområda er kultur, kompetanse og verdiskaping.

Landbruket har ei sentral rolle i handlingsprogram verdiskaping 2011. Handlingsplan verdiskaping 2012 er under arbeid.

Regionalt miljøprogram (RMP)

Møre og Romsdal har store natur- og kulturlandskapsverdiar. Dette er landskap, biologisk mangfald og kulturminne, som gir grunnlag for næringsutvikling og verdiskaping, oppleving, helse, trivsel og kunnskap. Fortsatt aktiv landbruksdrift er ein føresetnad for skjøtting og vedlikehald av eit attraktivt kulturlandskap.

Trugsmålet for kulturlandskapet i fylket gjeld i første rekkje attgroing av dei marginale jordbruksarealet og røsslyngbeita på kysten, som òg er i endring. På denne måten er eit viktig grunnlag for framtidig næringsutvikling og kjelde til oppleving og kunnskap trua

Tilskotsordningane i regionalt miljøprogram rettar seg mot desse utfordringane og stimulerer til aktiv skjøtsel og drift.

Strategiplan for skogbruket i Møre og Romsdal

Hovudmålet er å auke verdiskapinga frå skogbruket og skogbaserte næringar i Møre og Romsdal gjennom ein effektiv virkesproduksjon og ved auka bruk av trevirke. I tillegg skal skogsektoren bidra til å løyse viktige samfunnsoppgåver på miljøområdet, spesielt innafor energi- og klimapolitikken. Vidare regionale føringar for arealbruk av viktige skogområde er nærare presisert i Strategiplan for skogbruket i Møre og Romsdal 2007 – 2015.


Landbruksmelding for Møre og Romsdal

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal vedtok i november 2011 å starte arbeidet med å utarbeide ei landbruksmelding for Møre og Romsdal. Målet er at meldinga skal vere ferdig i løpet av 2012.

Ei landbruksmelding vil vere eit grunnlag for å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket. Den vil også kunne setje landbruket på den politiske dagsordenen og utvikle politiske visjonar og målsetjingar på regionalt nivå .

Meldinga skal ha fokus på overordna prinsipp og strategiar og arbeidet skal vere prega av brei involvering og grundige prosessar. Meldinga vil vere tett kopla til arbeidet med revideringa av gjeldande fylkesplan og danne grunnlag for prioriteringar i kommande regionale planar og handlingsprogram.

Det vil vere eit mål at fylkespolitikarane seier si meining om landbruket minst ein gong i løpet av kvar fylkestingsperiode.



3. Status for landbruket i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal er eit sterkt jordbruksfylke, der grovfôrbaserte produksjonar spelar den viktigaste rolla. Landbruket er inne i ei sterk omstillingsfase, og endringane skjer raskare i Møre og Romsdal enn i dei fleste andre fylke. Vi ligg på toppen av statistikken når vi ser på tal selde mjølkekvotar, men endå fleire ønskjer å kjøpe kvote og satse for framtida. I tillegg har vi ei stor auke i tal samdrifter; samla sett ei tilpassing til ein meir framtidretta struktur. Av 999 foretak med mjølkeproduksjon er det 148 samdrifter, og desse samdriftene står for 30 % av samla mjølkeproduksjon. Mjølkeproduksjonen blir viktig for Møre og Romsdal også i tiåra framover.

Fleire kommunar opplever svekka fagmiljø og auke i jordbruksareal ute av drift. Det er utsikter til at fortsatt strukturrasjonalisering vil forverre situasjonen komande år, og dette vil påverke kulturlandskap og arealbruk negativt i utsette kommunar. Per 2011 er 558 948 daa jordbruksareal i drift i fylket. Totalarealet har minka med 23 698 daa sidan 2008, medan areal per bruk har auka frå 176 daa i 2006 til 191 daa i 2011. Det betyr at jordbruksarealet er eit viktig ressursgrunnlag, fordi produksjonen er relativt stabil sjølv om tal føretak går nedover.

Innanfor dei kraftfôrbaserte produksjonane har nye konsesjonsgrenser har ført til ny satsing, og vi har fått nyetableringar både innanfor egg- og svineproduksjon. Svineprodusentane organiserer produksjonen etter prinsipp om oppgåve- og ansvarsdeling, i form av purkering. Dette betyr totalt eit betydeleg løft for dei kraftfôrbaserte produksjonane, og det er sannsynleg at fylket i åra framover vil oppretthalde eller få ein svak auke i sin del av desse produksjonane.

Etterspurnaden etter lån og tilskot til investeringar har vore høg gjennom dei siste åra. Mange bruk satsar offensivt for framtida. Naturleg nok er det mjølkeprodusentane som står for den største delen av kapitalbehovet. Satsinga på lokal mat begynner å ta av. Det er no totalt rundt 50 produsentar innanfor småskala vidareforedling her i fylket. Alt i alt gir dette mange nye arbeidsplassar, og satsinga på mat og matkultur kan virke synergisk i forhold til reiselivsnæringa.

Lokalt har Møre og Romsdal sterke miljø på både potet- (Sunndal), grønnsaks- (Smøla), frukt- og bærproduksjon (Valldal). Felles for desse fagklyngene er at det no blir arbeid for å styrke den lokale tilknytninga som ei merkevare.

Kulturlandskapet blir påverka av skjøtsel, endringar i bruk av arealet, tilføring av nye bygg, anlegg og andre inngrep. Kommunane spelar ei viktig rolle i forhold til å påvirke kulturlandskapet gjennom sitt ansvar for arealplanlegging og vedtak om utbygging.

Kulturlandskapet i Møre og Romsdal har særtrekk og kvalitetar som skil det frå andre område. Frå naturen si side er Møre og Romsdal spesielt ved at ein har stor variasjon frå ytste kystområde til setetbruk i fjellet. Kulturlandskapet i Møre og Romsdal kan inndelast i fire hovedkategoriar:

- Kystregionen. I dei ytste kyststroka er jordbruksområda i hovudsak konsentrert til strandflata, men karakteristisk er også dei store lyng- og grasheiene som er nytta som utmarksbeite i ytre kyststrok, særleg i sørlege delar av fylket. Heile kyststripa er rik på fornminne
- Midtre fjordstrøk. Landskapet her er variert med sterke kontrastar og vekslar mellom breie og smale fjordar med høge fjell. Jordbruket er konsentrert til banda langs fjordane og i dalbotnane. Det er vanleg med mellomstore bruk og mange ligg i bratte lier. Delar av landskapet er prega av skogreising med planting av mykje gran. Vidare er jordbrukslandskapet prega av store kulturenger og beitehagar og lier med varmekjære artar, som til dømes hassel.
- Indre fjordstrøk. Området består av dei indre fjordarmane og dalane. Dei indre fjordstroka er ofte dramatisk i si utforming med stupbratte fjell, tronge fjordar med fossar og kulturlandskap med busetnad. Karakteristisk i kulturlandskapet er opne åkrar, kulturenger, frukt- og beitehagar og tørketolande furu og lauvskog.
- Fjellregionen. Fjellområda omfattar ulike landskapstypar og består av den øvste kystsona til dei opne viddene. Fjellgardar og setergrender med setervollar, enger og beitemarker er karakteristiske kulturlandskapselement.

Møre og Romsdal fylke har eit landareal på i alt 1,46 mill. hektar, av dette er 25 %, eller 360.000 hektar, skogkledd mark. Av samla skogareal er ca 284.000 hektar definert som produktiv skogsmark. Berekningar som er gjennomført av Institutt for Skog og landskap viser at i underkant av 70 % av den produktive skogen i fylket er økonomisk drivbar med dagens rammevilkår. Størsteparten av det økonomisk ikkje-drivbare arealet er produktiv skog som ligg i sidene langs enkelte fjordarmar, og blir i dag ikkje rekna som framtidig areal for eit aktivt skogbruk.

Møre og Romsdal har dei siste åra lege høgt på statistikkane med gjennomsnittleg 1437 daa omdisponert dyrka og dyrkbare areal i tidsrommet 2005-2009. I 2010 var vi nede i 854 daa.



4. Hovudmål

Landbruket i Møre og Romsdal skal ha ei framtidsretta utvikling, både innafor tradisjonell produksjon og alternative næringer. Landbruket skal bidra til busetting og verdiskaping i heile fylket utan at dette skjer på kostnad av jordvernet, og gi oss eit variert kulturlandskap.

Delmål jordvern, skog- og kulturlandskap

- **Verdifull dyrka og dyrkbar jord, kulturlandskap og skogareal skal sikrast som ein ressurs for framtidige generasjonar.**

Delmål busetting og næring

- **Eit aktivt landbruk skal bidra til å oppretthalde og styrke busetting, trivsel, sysselsetting og verdiskaping i bygdene.**

Silset i Batnfjorden, foto: Jørn Kjerseim



5. Hovudutfordringar for Møre og Romsdal

Det er ei lang rekke utfordringar som kjem i forlenginga av ønsket om å skape eit robust landbruk som er rusta til møte framtidige utfordringar på ein god måte. Samstundes er det ei målsetting å oppretthalde produksjonen også i marginale område og på marginale areal. Andre hovudmålsetningar går meir i næringsmessig retning: Det skal leggst til rette for reiseliv og fritidsbusetnad – likevel slik at arealbruken her i minst mogleg grad kjem i konflikt med landbruksdrift. Dette siste gjer det viktig å kome tidleg inn i planprosessar med innspel og aktiv deltaking. Sist og ikkje minst: Landbruksbasert næringsutvikling kan gi grunnlag for styrka busetting i kommunane i Møre og Romsdal. Under har vi sett opp dei viktigaste utfordringane innafor jordvern, vern om landbruket sine produksjonsareal, kulturlandskap, busetting og næring.

Utfordringar innafor jordvern, og skog- og kulturlandskap

- Auka nedbygging av dyrka og dyrkbar mark og verdifulle skogareal (landbruket sine produksjonsareal).
- Ulik forståing for betydninga av langsiktig arealforvaltning.
- Kulturlandskapet sin funksjon som stad for rekreasjon, busetting og reiseliv er trua.
- Jordbrukslandskapet sitt biologiske mangfald blir svekka.
- Nedgang i antall seterdrifter med slått og beite, og beite i utmarka.
- Behovet for næringsetablering i bygdene kan skape press mot landbruksareal .

Utfordringar innafor busetting

- Nedgang i folketalet i mange kommunar i fylket.
- Skape attraktive bygder med bulyst og ein positiv stadsutvikling.
- Tilrettelegging for busetting går tidvis ut over landbruket sitt produksjonsareal.
- Bupliktføresegnene blir ikkje alltid nytta aktivt for å oppretthalde busetting på landbrukseigedomar.
- Sameige på landbrukseigedom kan oppstå i samband med konsesjonsfri overdraging, noko som gjer det vanskeleg å drive/bu på eigedomen.



Gard i Ørsta, foto: Jørn Kjerseim

Utfordringar innafor næring

- Jordbruksareal i drift er i nedgang.
- Landbruket er prega av omfattande strukturendringar. Det blir færre aktive bruk, samstundes som dei drivne einingane blir større. Eigeomsstrukturen er ikkje i samsvar med desse endringane, og mange problem knytt til dette vil auke i omfang:
 - Andel av leigejord aukar, ofte med kortsiktige leigeavtalar.
 - Omfattande teigdeling skaper urasjonelle og dårleg arronderte einingar, ofte med lange transportavstandar.
 - Mange grunneigarar har eit passivt forhold til landbruket som næringsveg.
 - Driftsmåten i skogbruket har endra seg mykje. Entreprenørdrift krev i større grad samanhengande drivverdige areal. Omfattande teigdeling skaper utfordringar for rasjonelt uttak av virke.
 - Teigdeling i skogen skaper også utfordringar for etablering av gode skogsveggar.
- Ved etablering av samdrift eller andre kapitalkrevjande næringsetableringar, blir det ofte søkt om frådelling av areal til byggegrunn for å sikre pantegrunnlag for låneopptak.

6. Tiltak

6.1. Jordvern, skog- og kulturlandskap

Ivareta verdifull dyrka/dyrkbar mark og verdifulle skog- og kulturlandskap gjennom - planarbeid:

1. Landbruksfaglege interesser må synleggjerast og kome tidleg inn i planprosessane.
 2. Langsiktige føringar nedfelt i kommune- og landbruksplaner må følgjast opp av lokale og regionale myndigheiter.
 3. Frådelling, omdisponering og utbygging må i hovudsak styrast mot dei minst verdifulle landbruksareala.
 4. Omdisponert landbruksareal skal brukast effektivt og ha høg utnyttingsgrad.
 5. Viktige landbruksareal og kulturlandskapsområde må ikkje fragmenterast.
 6. Stimulere til utarbeiding av arealdifferensieringskart til bruk som hjelpemiddel i plan- og einskildsaksbehandling (kjerneområde landbruk).
- einskildsaksbehandling:
7. Omdisponering som kan skape press mot tilgrensande jordbruksareal må unngås.
 8. Ved søknad om oppføring av bustad nr 2 på landbrukseigedom bør det gjerast ei grundig behovsvurdering.
 9. Ved sal av tilleggsjord skal kjøpar som sjølv drivlandbrukseigedom prioriterast.
 10. Viktige landbruksareal og kulturlandskapsområde må ikkje fragmenterast.

6.2. Busetting


1. For å sikre stabil busetting er bupliktsreglane viktig.
2. Der kommunen har tydelege busettingsmål, skal kommunen sitt syn vektleggast mykje.

6.3. Næring

Tiltak innanfor jordvernstrategien skal støtte opp om målsettingane som kjem fram i den regionale strategien for næringsutvikling. I dette ligg mellom anna:

1. Omfanget av leigejord i landbruket kan vere til hinder for langsiktige planar i næringa. Gjennom langsiktig haldningsskapande arbeid kan ein påverke at landbrukseigedomar i større grad blir seld som tilleggsjord til aktive bruk.
2. Ved handsaming av einskildsaker etter jord- og konsesjonslov eller plan- og bygningslov, må det leggest vekt på at ein ikkje skal skape dårlege drifts- og arronderingsmessige løysningar.
3. Frådeling kan vere nødvendig ved etableringar av samdrifter eller andre spesielt kapitalkrevjande næringsbygg. Plassering av næringsbygg på frådelt tomt må gjerast med tanke på at dei kan bli selde i framtida.
4. Ved val og utforming av område for fritidsbygg, må ein gjere bevisste vurderingar for å unngå dei interessekonflikter som kan oppstå mellom beitedyr og fritidsformål. Dette gjeld både for handsaming av einskildsaker etter jordlova og plansaker.
5. Seterbygningar kan vere ein ressurs for landbrukseigedomen også ut over tradisjonell bruk, til dømes som ledd i utvikling av utmarksnæring og reiseliv, og bør difor ikkje delast frå bruket dersom det ikkje føreligg særlege grunnar for det.
6. Ved nybygging og ombygging av landbruksveggar skal det leggest vekt på landbruksfaglege heilskapsløysingar som tar omsyn til miljøverdiar og andre interesser.





7. Gjennomføring av strategien.

Roller og forventningar

Jordvernstrategien for Møre og Romsdal gir viktige føringar for regionalt og kommunalt nivå med omsyn til planbehandling og einskildsaksbehandling . Dokumentet skal bidra til ei meir forutsigbar forvaltning, og til at viktige nasjonale føringar på landbruksområdet blir følgt opp. Jordvernsatsinga blir vidareført og får auka fokus gjennom strategien.

Fylkesmannen skal som klageinstans for kommunale vedtak legge stor vekt på strategien her. I forhold til forvaltningslova § 35 kan klageinstans og andre overordna organ gjere om eit vedtak fatta av underordna organ. Dette inneber at fylkesmannen har myndigheit til å gjere om vedtak fatta av kommunane.

Med bakgrunn i Jordvernstrategien for Møre og Romsdal blir kommunane oppmoda til å utarbeide klare strategiar for landbrukspolitikken i sin kommune, slik at vedtak kan grunngis i desse. Lokal variasjon i vurderingar kan då bli praktisert utan at det blir oppfatta som usakleg forskjellsbehandling.

Kommunalt nivå bør gjere seg kjent med denne regionale strategien, og legge den til grunn for si saksbehandling.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon 71 25 84 43
E-post: postmottak@fmmr.no
Internett: www.fylkesmannen.no

